
Vår referanse 2020/39984-4
Dato 24.03.2020

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Høring - kriteria for fylkeskommunale båtruter i inntektssystemet

Vi viser til rapport nr 2003 frå Møreforskning, Høgskolen i Molde og Transportøkonomisk institutt med «Forslag til nye kriterier for båter i inntektssystemet for fylkeskommunene». Rapporten er utarbeidd på oppdrag for Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Departementet har sendt rapporten på høyring med frist 24. mars 2020.

Rapporten vurderer ulike typar sambandsbaserte kriterium opp mot det gjeldande kriteriet «samla kystlinje».

Vestland fylkeskommune ser i utgangspunktet positivt på at kostnadsnøkkelen for båtruter vert basert på samband og meiner dette kan vere meir treffsikkert enn kystlinje-kriteriet. Rapporten utgreier sambandsbaserte kriterium med ulike behovsvurderingar som ein del av kriteria.

Vestland fylkeskommune meiner forslaga til behovsvurdering i rapporten, der m.a. innsparing i reisetid er det som avgjer behovet for båtruta, ikkje er treffsikkert nok. Rapporten har forslag om to alternativ for om båtsambandet skal reknast med i inntektssystemet eller ikkje:

- alternativ 1 - 30 minutt spart reisetid
- alternativ 2 – 1 time spart reisetid

For Vestland fylkeskommune vil forslaget i rapporten gje urimelege utslag. Heile 10 av totalt 17 samband som vil falla ut av inntektssystemet ligg i Vestland fylkeskommune. Forslaget om behovsvurdering inneber krevjande skjønsmessige avvegingar og kriteriet er dermed ikkje objektivt slik målsetjinga for kriteria i inntektssystemet er.

Vestland fylkeskommune vil særleg peike på det uheldige i at ikkje pendlarrutene frå Askøy og Knarvik til Bergen skal gje utteljing i inntektssystemet. For slike relativt korte ruter, blir det eit strengt krav at spart reisetid må vere minst 30 minuttar.

Trafikken på innfartsvegane til Bergen ligg tett oppunder kapasitetsgrensa. Sjølv små uhell fører ofte til store forseinkingar. Det er også grenser for kor mange bussar det er kapasitet til å ta imot i sentrum i rushtida. Dette tilseier at det kan vere ønskjeleg at noko av passasjertransporten vert utført med båt.

Ei innvending mot snøggbåtar har fram til no vore høge utslepp. Ein har no sett som mål å gå over til utsleppsfrie båtar i løpet av relativt få år. Vestland har vore eit føregangsfylke når det gjeld elektrifisering av ferjer, og betaler dyrt for det. Når ein i neste omgang skal innføre utsleppsfrie båtar, vil det vere sær s uheldig om ein samstundes får redusert rammetilskot pga. endra kriterier for båt.

Vestland fylkeskommune vil tilrå ein modell der ein inkluderer alle eksisterande båtsamband. Skal behovsvurdering inkluderast i modellen, må dette utgreiast grundigare slik at fleire sider ved båtdrifta vert teken omsyn til. Vestland fylkeskommune meiner rapporten som no ligg føre er uferdig på dette punktet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift